

13.11.2007

## Mange uskedelingar i storsatsinga på Husnes



Fleire frå denne grovmessing-gruppa i skulekorpset – her under seminaret sist laurdag - skal vera med på Husnes kommande laurdag. Frå venstre sit Thomas Halvorsen, Birger Bauge, Lene S. Myklebust, Andrea H. Lunde, Jostein Bauge og Hans Fredrik G. Zimmer. (Foto: Ola Matti Mathisen).

**Minst 17 uskedelingar skal delta i Kvinnherad Kulturskule si storsatsing "Unchain My Heart" i Kulturhuset Husnes laurdag 17. november. Kulturskulen hadde stor suksess med musikalen "Oliver" i 2005 og fylgjer no opp suksessen.**

Dette er ei musikkhistorisk vandring frå negro spirituals og blues til jazz og hip hop. Ideen bak er å visa gjennom bilet, dans og musikk trøngen og ønskjet om å bryta lenker og bli fri frå åket.

- Ned gjennom historia er det mange døme på kva musikken har betydd når det gjeld å bringe menneskja ut av ein vanskeleg og farleg situasjon, seier musikkskulerektor Rolf Lothe til uskedalen.no

Fokus vert sett på musikk som har røtene sine i Afrika og som slavane tok med seg til Amerika. Der oppsto det nye sjangrar, som også dei kvite tok med seg,

- Vi har plukka musikk frå desse sjangrane og sett det saman til ei heilskapeleg framsyning, fortel Lothe.

35 bilet som biletkunst-elevane har laga blir vist på storskjerm medan programmet skrid fram

Om lag 120 aktører - få næringer til pensjonistar - vil vera med innan biletkunst, dans, song og med ulike instrument.

Publikum får oppleva Amigos, The Amps, Nattergalen, klassisk ballett og jazz/moderne dans i tillegg til fiolin, fløyte, gitar, messinginstrument, solosong og piano. Det blir opptreden med eit ungdomskor beståande av songelevar.

Fra Uskedalen finn ein desse deltakarane:

I Amigos er Odd Terkelsen med.

I strykgruppa finn ein Anne Marte Zimmer, Kathrine Y. Røssland og Synnøve Bringedal.

Messing-gruppa har med uskedelingane Vegard Døssland, Ingvill T. Sture, Kaia Døssland, Jostein Bauge, Hans Fredrik G. Zimmer og Thomas Halvorsen.

Siv Hanne Kjærland er med i fløytegruppa.

Desse stillar i gitargruppa, som har 25 utøvarar: Magnus Bu, Benjamin Taranger, Nikolai Bernhardsen, Hallvard Døssland, Arne Tvedt og Helene Haugland.

Av Ola Matti Mathisen

# "Unchain My Heart"

Framsyning i

## Kulturhuset Husnes

Laurdag 17.11.07, klokken 15.00

Ei musikkhistorisk vandring med negro spirituals, blues, ragtime, boogie, jazz ....!

B/U 50,- V 100,- F 200,-

Kulturskuleelevar gratis!

Førehandssal på Kvinnherad bibliotek, Husnes

Arr. Kvinnherad kulturskule